



Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: U7TI5C

Registrert dato: 15.03.2016 23:01:24

Vedlegg:

Prosjektskildring lindåsbygda 2016.pdf

soknad LivOGLyst 2016.pdf

Innleiing	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
LivOGLyst - Lindåsbygda	

Om søkjaren	
Organisasjonen	
Organisasjonsnummer	
998557542	
Namn	Adresse
Nordhordland Næringshage AS	Mastrevik Torg
Postnummer	Poststad
5943	AUSTRHEIM
Telefonnummer	E-postadresse
90600806	elisabeth.tonheim@gmail.com
Bankkontonummer	
15034518804	
Namnet på leiaren	
Solveig Lerøy	
Kasserar	
Førenamn	Etternamn
Solveig	Lerøy
Telefonnummer	E-postadresse
95213012	solveig@nh-nh.no

Omtale av søkjaren/prosjektet

Omtale av søkjaren/organisasjonen

Nordhordland Næringshage AS er ein næringshage under SIVA, med fokus på reiseliv, kultur og oppleving. Sidan 2013 har næringshagen vore engasjert i mobilisering og aktivitetar i Lindåsbygda, både gjennom LivOGLyst-satsing (2014) og andre enkeltståande prosjekt. I dette arbeidet har også Lindås Kommune vore involvert. Nordhordland Næringshage AS har sidan satsinga i Lindåsbygda starta i 2013, hatt tett samarbeid med Elisabeth Tonheim, ei av eldsjelene i bygda. Ho har vore sentral som prosjektleiar og pådrivar for ulike aktivitetar. Dersom Lindåsbygda vert tatt opp som LivOGLyst-prosjekt, vil prosjektet overførast til ein av dei frivillige laga i bygda. Dette er eit krav frå partnerskapen. Lindås Bygdelag har gjeve positive signal til å stå som prosjektansvarleg.

Omtale av prosjektet/aktiviteten

BAKGRUNN

Lindåsbygda har dei tre siste åra hatt ei oppblomstring av samarbeid og felles aktivitet. Det starta med mobilisering hausten 2013, og i 2014 vart vi tatt opp som assosiert LivOGLyst-prosjekt. Det var stor entusiasme og mange gode tiltak vart lagt på bordet på allmøter i bygda. Eksemplar på dette er etablering av Sjøparken i Lindåsosane, vegskilting, turistkartplansje ved bensinstasjonen, kulturløype og naturstiar mm. Dei ulike aktørane i prosjektet, både næringsdrivande, enkeltpersonar og frivillige lag og organisasjonar, har bidrege på ulike vis, og både i 2014 og 2015 vart Verdas lengste sjømatbord gjennomført i bygda. Dette er eit stort arrangement både i arbeidstimar, logistikkmessig og økonomisk, og mange har lagt ned mange timar i gjennomføring av denne folkefesten.

Lindåsbygda søkte om å bli tatt opp som tre-års LivOGLyst-prosjekt I 2015, men satsinga vart redusert til berre å gjelde dei prosjekta som allereie var tre-årige. I januar 2016 fekk vi greie på at satsinga var oppe å gå att, og vi vart oppmoda frå partnerskapen om å søkje på ny med utgangspunkt i søknad for 2015.

Vi sender denne søknaden med bakgrunn i at vi ventar på vedtak på om vi er tatt opp som prosjekt i LivOGLyst-satsinga. Vi har fått positive signal på dette frå fylkeskommunen.

MÅL

Måla i LivOGLyst-prosjektet er definert slik:

Overordna mål:

Gjennom samarbeid i bygda skapar vi trivsel, styrker identiteten til Lindåsbygda og aukar aktivitetane mellom frivillige, kulturaktørar og næringsdrivande. Dette bidreg til at bygda er ein levande plass og bu og besøkje, samt at næringslivet opprettheld eller får vekst i sitt næringsgrunnlag.

- Mål 1. Prosjektet skal vera opent og inkluderande og bidra til tilrettelegging av gode idear og tiltak for bygda. Alle idear og tiltak skal jobbast vidare med gjennom blant anna kontinuerleg mobilisering og motivering i å utvikle bygda.

- Mål 2. Skape gode møteplassar og fora for å styrke fellesskap, samarbeid og kjennskap til kvarandre. Dette bidreg til å auke trivsel både for nye og gamle i bygda.

- Mål 3. At bygdas tilbod og aktivitetar er synleg og tilgjengeleg. Dette for at fleire kan ha glede av å nytte dei, samstundes som det betrar rekruttering og utvikling.

- Mål 4. Styrke frivillig arbeid og tilrettelegge for auka vekst i næringslivet ved å utvikle samarbeidsformer som utnyttar dei ulike aktørar sitt potensiale for tettare samarbeid.

AKTIVITET

Det er allereie nokre tiltak som jobbast med i bygda. Permanent kulturløype med 18 postar med skilt på norsk og engelsk er per i dag i sluttfasen og er planlagt ferdig mai 2016. Løypa går i den gamle bebyggelsen på Lindås og omtalar blant anna kyrkja, tuberkuloseheimen, slusene, tinghuset og bustadane til lensmann, prest og doktor. Løypa marknadsførast gjennom heimesida, reiseliv, senteret og på kartplansje på info-tavla ved bensinstasjonen. Det pågår også ei oppreinsking og merking av naturstiar, som skal synleggjerast på tilsvarande vis som kulturløypa.

Sidan LivOGLyst-satsinga ikkje vart vidareført i fjor, men har kome på banen igjen i 2016, held vi fram med fokusområder som vart definert for 2015.

Fokus i 2016

?Møteplassar

?Arrangement

?Samarbeid

Så snart vedtak frå LivOGLyst føreligg, vil vi kalle inn til allmøte i bygda. For det første skal det informerast om denne satsinga, slik at innbuarane får ei forståing av kva mogelegheiter dette gjev. I tillegg ynskjer ein at det kjem innspel om tiltak på bordet. Det vil vere dette som styrer aktiviteten vidare.

Etter at det vart kjent at bygda på ny søker om å bli tatt opp som LivOGLyst-prosjekt, har det i uformelle samanhengar kome fram enkelte gode innspel som fell inn under LivOGLyst-paraplyen.

* MØTEPLASSAR

Per i dag er det to aktive strikkekafe'ar i bygda: Garn- og bunadsbutikken MollyMe har strikkekafe' kvar torsdag etter stengt i butiklokalet og Sanitetsforeininga har ein tysdag i månaden. Desse to er ikkje konkurrerande og mange deltek begge stader.

For å få fokus på desse uformelle møteplassane, ynskjer vi å finne på noko spesielt i år. Når mørketida nærmar seg til hausten vil MollyMe ha «kafe'-maraton». Det vil sei strikkekafe' frå kl 16 ein fredag til kl 16 dagen etter. Målet er å skape blest om denne aktiviteten, som er viktig i nettverksbygging, tilhøyre og trivsel. Det skal marknadsførast gjennom aviser, nettstader, plakatar og munnleg, og vi ynskjer særleg at nyttilflytta vert med. Vi legg opp til fellesmåltid, som i seg sjølv er sosialt og kontaktskapande, samt overraskingar undervegs. MollyMe ligg sentralt i Lindås Senter, noko som gjer det enkelt å komme innom. Det er stor stemning hjå dagens deltakarar til å gjennomføre dette.

Dette døgnet skal ein også bruke til å gjere noko samfunnsnyttig. Vi vil derfor strikke til eit godt formål, som denne

gongen er til dei mindreårige asylsøkjjarane på Vågseidet. Vi reknar med at dei treng gode ullplagg når det går mot haust og vinter, så vi skal produsere sokkar, vottar og huer til dei. Vi gjer nærare avtale med driftselskapet når det nærmar seg.

*** SAMARBEID Felles utsal ? Kunst, handverk, lokalmat og turkafé**

Fleire aktørar på Lindås driv innan kunst og handverk, og ein har snakka om å få til eit felles møtepunkt og utsal. Dette fordi det er svært tidkrevjande å drive utsal samstundes som ein skal produsere, enten på heil- eller deltid. Ved å samle aktørane blir det eit meir spennande totalt tilbod. I tillegg skal det sjåast på om ein skal ta inn produkt frå andre i Nordhordland, f.eks lokalmat/småskalaproduksjon. Dette vil vere i tråd med fokuset til det regionale prosjektet «Smaken av Nordhordland», som går i regi av Nordhordland Utviklingsselskap.

I eit slikt utsal vil det vere naturleg med nokre kafébord med enkel servering. Ein tenkjer seg at dersom utsalet var lokalisert i kulturløypa, ville det ha bidrege til å skape ei heilheit i løypa.

Ein ynskjer å starte eit forprosjekt for å drøfte mogelege løysingar, samarbeidsformer og samarbeidspartnarar, og finne ut om og korleis det let seg gjere. I forprosjektet er følgjande aktørar med: Turid Grov, Bente Brekke Kampevold, Elin Gaulen, Elisabeth Tonheim og Solveig Serigstad Hauge.

*** ARRANGEMENT**

Verdas lengste sjømatbord

I samband med at Lindåsbygda vart tatt opp som assosiert prosjekt i LivOGLyst i 2014, drog vi i gang med det store sommararrangementet Verdas lengste sjømatbord. Dette vart rekna som eit mobiliseringstiltak i 2014, og arrangementet vart gjennomført året etter sjølv om LivOGLyst-ordninga var midlertidig avvikla. Etter to år er det etablert ein basis for arrangementet, og arrangementet er no under planlegging for 2016. Prosjektgruppa er etablert og i gang med planlegging og består i 2016 av Nina Bøe, Arvid Halvorsen, Grete Furelid, Evy Valaker og Elisabeth Tonheim. Dette går no som eige prosjekt.

Julegate

Julegata på Nedre Lindås og Spjeldnes har utvikla seg sidan 2010, og består av seks av dei gamle bygga i området. Her kan ein vandre mellom stadene og finne ulike aktivitetar og tilbod innomhus, samstundes som ein får historisk kjennskap til plassane. Arrangementet trekk folk langvegsfrå, og publikum uttrykker begeistring fordi dei opplever arrangementet som eit spennande og avslappande alternativ i julestria.

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten	Staden for prosjektet/aktiviteten
1.mars til 31.des 2016	Lindåsbygda
Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?	
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	

Budsjett	
Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.	
UTGIFTER	
Sum utgifter	
41000	
Spesifikasjon	Beløp
Utvikling møteplassar	25000
Falleskost Julegata	6000
Andre kulturtiltak, jfr allmøte	10000
	Sum: 41 000,00
FINANSIERING	
Søknadsbeløp for denne søknaden	
10000	
Blir det søkt tilskott hos andre instansar?	Søknadsbeløp hos andre instansar
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	6000
Spesifikasjon - andre instansar	Beløp
Spons næringslivet	6000
	Sum: 6 000,00
Andre inntekter utanom tilskott	
25000	

Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Eigeninnsats	25000
	Sum: 25 000,00
Sum finansiering	
41000	

Medlemsmasse
Før opp antall medlemmer i organisasjonen
Mellom 0 og 5 år
1
Mellom 6 og 12 år
1
Mellom 13 og 19 år
1
Over 20 år
1
Har organisasjonen medlemskontingent?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei